

Til Vestland Fylkeskommune

v/Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### **Innspel til sak 2020/70846-1 Museumspolitik i Vestland**

Vi takker for ei grundig saksframstilling kor ein trekkjer opp dei store linjene og spørsmåla knytt til museumsutviklinga i Vestland. Det er viktig og riktig at Fylkestinget peiker på at staten i større grad må ta eit økonomisk ansvar for musea på Vestlandet, ved å rette opp den økonomiske skjeivfordelinga mellom stat og fylke slik at musea får ein reell styrking av økonomien. Vi vil likevel presisere viktigeita av at Fylkestinget ser sitt ansvar og si rolle i forhold til drift, investeringar og vidare utvikling av musea. Spesielt er det viktig når det gjeld å løyse magasinutfordringane og sikre gode fellestenester.

#### 1) Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland (MUHO)

Hordaland fylkeskommune var ein viktig aktør i å bygge opp fellestenester på tvers av dei konsoliderte musea i fylket. Ei av desse tenestene er Bevaringstenestene, som er ei fellesteneste innan konservering og bevaring med ansvar for drift av eit fellesmagasin for alle musea. Fagmiljøet som er bygd opp ved Bevaringstenestene har satt Hordaland på kartet som nasjonalt leiande innan konservering og bevaring. Hordaland fylkeskommune var initiativtakar til oppbygging av fellestenestene og har vore ein viktig støttespelar og drivkraft i å utvikle dei.

I saka om Museumspolitik i Vestland slås det fast at fylkestinget saman med stat og kommunar skal bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved MUHO og musea si samlingsforvaltning. Vi håper at Vestland fylke i fortsetjinga vil ha ei førande rolle i utvikling av fellestenester på tvers av musea i det nye fylket. Då er det viktig at fylket fortset å ha ein aktiv museumspolitik. For å kunne yte tenester til alle dei konsoliderte musea i det nye fylket, er det naudsynt at fylkestinget aukar dei faste driftsmidlane til Bevaringstenestene. I tillegg er det viktig at ordninga Museumsløft styrkast slik at vi også i framtida kan sette i gang viktig prosjekt som styrkar arbeidet med bevaring av samlingane til musea, og at ordninga reflekterer at regionen er utvida.

Som rapporten «Fullt hus -nytt fellesmagasin for musea i Hordaland» slår fast er behova for nytt fellesmagasin prekært. Bygginga av eit nytt magasin er ikkje avhengig av ei ny konsolidering av musea. Vi fryktar at om dette vert ein føresetnad, kan det skyve bygginga av eit nytt magasin ut i tid, og i verste fall bidra til at prosessen stoppar heilt opp. Eit nytt magasin bør byggast uavhengig av korleis musea er organisert. Rapporten legg til grunn at fylket skal vere byggherre for det nye magasinet, da fylket har det naudsynte kompetansen på nybygging. Saksframstillinga endrar premissa for diskusjonen kring fellesmagasin som har vore lagt til grunn til no. **Det er viktig at punkt 5. i forslaget til innstilling endrast slik at Vestland fylke tek ansvar for realiseringa av nytt magasin for alle musea i fylket. Vidare prosjektering må ta til så raskt som råd er.**

#### 2) Drøfting kring konsolidering

I saksutgreiinga er det drøfta behov for nye konsolideringar. Det vert spesielt peika på Museum Vest, Bymuseet og Muho. Vi meiner at ei vidareutvikling av samarbeid mellom musea er viktig, og noko vi prioriterer. Ytterlegare konsolidering i Vestland er ein stor og overordna diskusjon, og kan ikkje

utelukkande knyttast til arbeidet med å få realisert eit fellesmagasin. Diskusjonen må mellom anna forankrast i føringane i ny museumsmelding, faglege drøftingar, drøftingar kring geografisk og/eller tematisk organisering, rolla til eigarstiftingane etc. Vurderingane kring ytterlegare konsolidering bør omfatte alle musea i Vestland, sett frå eit overordna perspektiv.

Sara Sekkingstad

Styreleiar, MUHO

Elisabeth Halvorsen

Direktør, MUHO

Bergen, 13.10.2020